



Turnlagleiar Hege Lekva hadde all grunn til å vera nøgd med frammøtet under det første trimtreffet for dei under tre år måndag. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Turngruppeleiar Hege Lekva hadde all grunn til å vera blid måndag ettermiddag: Ni trimmarar under tre år var på plass på dei grøne mattene i Aktivitetshuset sjølv om det var ruskever ute. Dermed fekk ei ny gruppe i turnlaget ein lovande start.

"Ny" er forresten ikkje heilt rett, for i 2003 starta Hilde Bringedal ei tilsvarande gruppe i det nye Aktivitetshuset. Men ho fylgde dei små over i gruppa 3-6 år. No er det Ann Kristin Musland som har teke på seg ansvaret for den nye gruppa, men under det første treffet sa fleire av dei andre mødrene seg viljuge til å avløysa henne ved behov. Det er all grunn til å tru at det kjem fleire neste gong, som blir neste måndag.

Trimmen varar ein time og musikk og leik med ballar spelar naturleg nok ei stor rolle når dei aller yngste boltrar seg i Aktivitetshuset. Og for å sitera leiaren: - Det er mykje ein kan gjera med dei aller minste, berre ein legg lista ned på deira nivå!

Av Ola Matti Mathisen